

Hordaland fylkeskommune

23 JAN 2015



Statens vegvesen

23 JAN 2015

Hordaland fylkeskommune

Hordaland Fylkeskommune
Planavdelinga
Boks 7900
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:
Sigmund Bødal - 55516146

Vår referanse:
2014/075501-011

Dykkar referanse:
14/2960-40

Vår dato:
14.01.2015

Grunneigar og nabovarsel - Offentleg ettersyn - Reguleringsplanar for Moldegård og Bjånes - Os kommune. Motsegn.

Vi viser til brev i frå Os kommune motteke 15.12.14, med ovannemnde reguleringsplanar til uttale.

Reguleringsplanane for Moldegård og Bjånes er ein del av det arealet som vart omhandla i kommunedelplanen for Bjåneshalvøya. I denne kommunedelplanen er det sett eit rekkjefølgjekrav som gjeld ei etappevis realisering av gang og sykkelveg frå krysset mellom Fv 552 og Fv 137, Hegglandsdalen og fram til Hatvik fergjekai. Slik vi forstår oversendt dokumentasjon i saka har Os kommune no lagt til grunn at ein skal kunne byggje inntil 200 bueiningar før det vert stilt krav om ferdigstilling av gang og sykkelveg fram til Hatvik.

Fv 552, Hatvikvegen er ein av dei viktigaste vegane i Os kommune. I dei seinare åra har vegstrekninga frå Os sentrum og til Hatvik fergjekai opplevd ein auke i trafikken i samband med trafikale omleggingar i Hardanger. Utbygginga på Bjånes med bortimot 1200 nye bueiningar vil vere ein sterk bidragsytar til at trafikken vil auke vesentleg i åra som kjem. I dag har Fv 552 eit trafikkvolum på 5300 bilar i døgnet. Ved full utbygging vil dette talet liggje ein stad i overkant av 10000 bilar i døgnet.

Hatvikvegen er i dag ein smal fylkesveg med dårleg standard og mange trafikale utfordringar. Det er stadvis konsentrasjonar av bustadar inn mot Fv 552. Frå Hegglandsdalskrysset og austover mot Hatvik fergjekai er det i dag ikkje noko tilbod til mjuke trafikantar i det heile. Gåande og syklande må nytte same areal til ferdsle som det som er avsett til bilistane. Regulert fartsnivå varierer frå 50 – 80 km/t. Veggen er også siste del fram mot Hatvik fergjekai, der fartsnivået kan vere noko høgare. Fv 552 er ein viktig veg for pendlarar mellom Fusa – Os – Bergen.

Statens vegvesen har over tid vurdert det som svært risikofullt og trafikalt uheldig at mjuke trafikantar nyttar same veg som bilane på denne strekninga. Reguleringsplanen for Hatvikvegen med planlagt endeleg vedtak våren 2015, har som mål å sikre areal for å betre trafikktryggleiken på denne strekninga.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Med utbygging av bustadar på Bjånes på inntil 1200 einingar, ser vi det som dramatisk at mjuke trafikantar skal måtte nytte Fv 552, med dagens utforming. Vi vurderer det til å vere ei kjelde til trafikkulukker å la mjuke trafikantar ferdast på Fv 552. Ein slik situasjon går på tvers av O – visjonen til Statens vegvesen, der ein legg opp til null hardt skadde og drepte i trafikken. Vidare vil ei slik løysing også gå på tvers av statlege planretningsliner som omhandlar bustad og trafikkplanlegging. Her legg ein opp til trygge lokalmiljø med spesielt fokus på trafikktryggleik.

Det er eit krav i frå vår side at det må etablerast gang og sykkelveg slik reguleringsplanen for Hatvikvegen viser.

Vi vurderer det som eit uheldig trafikalt grep å nytte Midtbøvegen, ein mindre lokalveg, som mellombels gang og sykkelveg inntil 200 bueiningar er etablert. Midtbøvegen er smal og utan separert tilbod for mjuke trafikantar, samstundes som han er nytta som lokalveg for området på sørsida av Hatvikvegen. Særleg om morgonen og på ettermiddagen vil bilistar, gåande og syklande fredast her, med det potensiale dette gjev for ulukker. I tillegg er det verdt å merke seg at dei som bur langs med Hatvikvegen framleis vil måtte nytte denne med auka trafikk for å koma seg til Os utan noko auke i trafikktryggleiken.

Rammeplanen for avkøyrslar og byggjegranser i Region vest som vart vedteken av Hordaland fylkeskommune i 2013, slår fast under pkt 12.1 at det ikkje skal opnast opp for køyring på gang og sykkelveg for nye bustadar. I desse planane opnar ein opp for at mjuke trafikantar for inntil 200 nye bueiningar skal bruke lokal køyreveg for å kome til og frå Os. I praksis legg ein opp til tiltak som går på tvers av det Rammeplanen legg til grunn for å sikre mjuke trafikantar.

Samanfatning

Statens vevesen har fokus på trafikktryggleik og særleg på ansvaret vi har for sikker skuleveg. Vi vurderer det som særleg utfordrande at ein legg opp til realisering av opp til 200 bueiningar, med bruk av Midtbøvegen, som mellombels tilkomst inn mot Os sentrum. Denne vegen er allereie i dag trafikkert og vi kan ikkje sjå at han vert eit fullgodt tilbod for mjuke trafikantar den tida utbygginga finn stad. Ved ei slik løysing vil dei som bur ved Hatvikvegen framleis nytte denne utan trafikksikringstiltak. Vi vurderer potensiale for trafikkulukker for å vere høgt på staden. Det har funne stad fleire ulukker på strekninga dei seinare åra. Vi kan ikkje gå inn for mellombelse tiltak som er i strid med O – visjonen, Rammeplanen og dei statlege retningslinene for planlegging av bustadområde og trafikk.

Med dette som bakgrunn oppfordrar vi Hordaland fylkeskommune på det sterkast til å reise motsegn mot dei nemnde reguleringsplanane som no er lagt ut til offentleg ettersyn, samt krevje at rekkjefølgjekravet frå kommunedelplanen for Bjånes vert lagt til grunn for detaljreguleringa, slik det går fram av §19 : Gang og sykkelveg langsmed Fv 552 Hatvikvegen frå Hegglandsdalskrysset til krysset på Bjånes vest (ved Klyva) inkludert planskilt fotgjengarkryssing av Fv 552, skal vere opparbeida seinast før den 1. bustaden er innflyttingsklar (bruksløyve).

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing



Olav Finne
Avdelingsdirektør



Sindre Lillebø

Kopi: Os kommune